



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Jan Mortensen
Trollien 2
5101 EIDSVÅGNESET

Dykkar ref.
Vår ref. OCB

Journalp.ID 12/8843
ArkivsakID 12/1265
Arkiv nr. GBNR-12/14, N-518

Dato 20.06.2012

MANGLAR: SØKNAD OM BRUKSENDRING FRÅ FRITIDSBUSTAD TIL HEILÅRSBUSTAD

Det vert vist til Dykkar søknad om bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad på gnr 12 bnr 14.

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad, og finn at søknaden ikkje kan handsamast på grunn av følgjande manglar:

- Hytta ligg i eit område som i kommuneplanen er sett av til føremålet LNF (Landbruk-, natur og friluftsliv). I føresegnene til kommuneplanen heiter det: *"LNF-sona i kommuneplan. I denne sona skal det til vanleg ikkje gjevast løvve til arbeid og tiltak som nemnd i lova sin §§84 og 93 (arbeid som krev byggjeløyve og andre varige konstruksjonar, anlegg og massetak/fylling), samt frådeling til slike føremål. I særlege høve kan det søkjast om dispensasjon i samsvar med plan- og bygningslova §7. Reglane gjeld ikkje for stadbunden næring."* Av dette følger at de må skrive ein grunngjeven søknad om dispensasjon før kommuneadministrasjonen har høve til å vurdere søkanden.
- Av plan og bygningslova §19-1: *"Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3"* går det fram at det er naudsynt med ny nabovarsling der det går fram at ein søker om dispensasjon.
- Bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad er ein type søknad der det er krav om at eit føretak som kan godkjennast for ansvarsrett står for søknaden jfr: plan- og bygningsloven *"Søknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i første ledd skal forestås av foretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelser gitt i kapittel 22 og 23, med mindre annet framgår av §§ 20-2 eller 20-3. Dette gjelder likevel ikke tiltak som nevnt i første ledd bokstav m."*
- For søknadstypen er det krav om fagmessig utførte plan-, snitt- og fasadeteikningar jfr. Rettleiing til forskrift om byggjesaker: *"Utforming av tiltaket skal vises på tegninger (...) Hva som skal vises på tegninger, detaljeringsgrad og målestokk, avhenger av tiltaket. Normalt vil det være tilstrekkelig med fasade-, snitt- og plantegninger utført i*

normal detaljeringsgrad og målestokk 1:100. Hovedmål på tiltaket må påføres planer og snitt.

(...)

Standard Norge har utviklet egne spesifikasjoner som et hjelpemiddel for de som skal lage tegninger og situasjonsplaner i byggesaker. Disse spesifikasjonene vil kunne være anvendelige for de fleste saker.”

- Det er naudsynt at de søker om utvida bruk av avkjørsle. Søknaden skal rettast til Statens vegvesen på vedlagt skjema.

I påvente av at føretak som kan godkjennast for ansvarsrett sender inn overnevnte informasjon, vert difor søknaden lagt i ventearkivet vårt.

Så snart etterspurt dokumentasjon er motteken, vert saka teken opp til handsaming.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

Ole Christian Børtevit
Byggjesakkonsulent